

# Regjeringa vil ikkje lenger betale for retts- hjelp og råd om arbeid



– **VEKSLEPENNGAR:** – Dette er vekslepenngar for regjeringa, seier Marcos Amano om kuttforslaget i statsbudsjettet for 2018. Han er dagleg leiar ved Robin Hood-huset i Bergen.

På Robin Hood-huset får EØS-innvandrarar hjelp til å kome seg i arbeid eller reise heim. Men regjeringa vil ikkje lenger betale.

GERD MARGRETE TJELDFLÅT  
gerd.tjeldflat@bt.no  
GURO VALLAND  
foto SILJE KATRINE ROBINSON

Klokka har bikka tre om ettermiddagen i Magnus Barfots gate 22 i Bergen sentrum.

Lokalet til Robin Hood-huset er stappfullt. Gatearbeidarar, asylsøklarar, pensjonistar, tiggjarar, folk utan arbeid.

– Det har vore ei stabilt aukande gruppe menneske som kjem til oss på grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen i resten av Europa, fortel Marcos Amano, dagleg leiar ved Robin Hood-huset.

Lyden av summande språk fortel sitt om behovet for ein møtestad for såkalla «økonomisk vanskelegstilte» i byen.

– Å ha stabile rådgjevingstenester er viktig både for å hindre utnytting av menneske, men og for å få snudd nokre av desse. Har dei betre mogelegheiter i heimlandet sitt, må ein

forsøkje å få dei til å snu så fort som mogeleg, seier han.

## Kutt på 600.000 kroner

Eit viktig verkemiddel for å klare det, er Robin Hood-huset sin rådgjevingsteneste. I fjor hadde tilsette 1167 slike rådførande samtalar med brukarar. Så langt i år har dei hatt 822 samtalar med 356 ulike individ.

No er tilbodet under sterkt press.

I forslag til statsbudsjett har regjeringa foreslått å kutte deler av tilskotet til organisasjonar som tilbyr hjelp til EØS-borgarar. Heretter vil dei berre betale for overnattingstilbod, og ikkje lenger for samtalar og rådgjeving til brukarane.

For Robin Hood-huset utgjer kuttet 600.000 kroner, og fører til at dei må redusere eitt årsverk.

– Det er i samtale me klarer å nå ut så tidleg som mogeleg. Mykje som elles er vanskeleg å avdekkje kjem fram der, seier Ingrid Husevåg Døskeland. Det er rådgjevarstillinga hennar som mest truleg lyt kuttast viss kuttforslaget vert ståande.

Også i 2014 vedtok regjeringa å krympe støtta til rådgjeving for EØS-borgarar. I 2015 vart det



**GRATIS RETTSHJELP:** Jurist Irina Amiad er dagleg leiar hjå Jussformidlingen. Dei har kontor på Sydneshaugen i Bergen.

FOTO: JUSSFORDMIDLINGEN

forhandla inn igjen av Venstre og KrF.

– I 2014 var det mange behov me ikkje kunne dekke. Me måtte berre sende dei vidare. Det var fortvilande, seier Marcos Amano.

## Retts hjelp står i fare

Eit anna av byens tilbod for mindre ressurssterke som står i fare for kutt, er Jussformidlin-

gen. Dei tilbyr gratis retts hjelp og bistand til privatpersonar.

Her foreslår regjeringa å redusere statsstøtta med 1,6 millionar koner, nesten ei halvering av støtta frå i år.

– Truleg vert det snakk om å ha mellom fem og åtte færre tilsette i 2018. Det betyr at me kan handsame 1250–2000 færre saker neste år. Me må også vurdere å kutte i oppsøkjande arbeid som fengselsbesøk, vaksenopplæring og overgangsbustader, fortel dagleg leiar Irina Amiad.

Til kvar tid har dei i dag 22 saksbehandlarar tilsett på fulltid, samt ein dagleg leiar. I tillegg har dei fem tilsette i 20 prosent stilling.

Årleg handsamar Jussformidlingen 5000–6000 saker.

– Kuttet betyr mindre kapasitet til å hjelpe arbeidstakarar, leigetakarar og forbrukarar som står utan mogelegheiter for juridisk bistand, seier Amiad.

## Venstre og KrF vil ta kampen

Politisk leiing i Justisdepartementet var ikkje tilgjengeleg for kommentar torsdag, og ingen hadde høve til å svare om kutt i tilskot til EØS-borgarar.

## FAKTA

### Dette er Robin Hood-huset

- Mange som kjem til Robin Hood-huset er EØS-borgarar som har reist til Norge, har lovleg opphald, men som slit med å få jobb. Her får desse brukarane i dag både eit humanitært tilbod med mat, toalettfasilitetar, overnatting og rådgjevingstenester.

- Menneske som får hjelp har mange ulike behov:

- Nokre treng hjelp til å kome inn i arbeidslivet, andre treng å få kunnskap om reglane i arbeidslivet og hjelp for å kome seg ut av svart arbeid og anna arbeidskriminalitet.

- Andre igjen treng å få råd om å reise heim igjen til heimlandet sitt.

- Mange gatearbeidarar har behov for rettleiing og bistand i møte med det norsk samfunn, og ein del treng nokon å snakke med om den utfordrande livssituasjonen dei er i.

Kilde: Robin Hood-huset

Kommunikasjonsrådgjevar Andreas Skjøld-Lorange seier at når det gjeld spesielle retts hjelpstilbod som Jussformidlingen har regjeringa kuttet i tilskota fordi dei har vore særskilt høge dei to siste åra. Totalt er dei reduserte med 15 millionar kroner.

– Det er med andre ord framleis mykje midlar til retts hjelp også neste år. Dei ulike gruppene vil framleis få eit tilbod, seier han.

Verken KrF og Venstre er likevel nøgd, og forsikrar om at dei har sakene til både Jussformidlinga og Robin Hood-huset høgt på lista når dei går inn i budsjettforhandlingar.

– Dette er viktige eksempel på flott frivillig verksemd som hjelper sårbare grupper. Det er overraskande at regjeringa vel slike kutt når me veit kor mykje dei gir tilbake, seier KrF-leiar Knut Arild Hareide.

## – Gir mykje meir tilbake

Nestleiar i Venstre, Terje Breivik, stiller seg undrande til at regjeringa igjen har foreslått kutt i tilskot til rådgjeving for EØS-borgarar.

– Dette er kvar for seg to institusjonar som begge utløyser frivillig innsats og eit samfunnsengasjement som gir mykje meir tilbake enn dei får i tilskotsmidlar, seier han.

Marcos Amano ved Robin Hood-huset meiner regjeringas prioritering er korttenkt.

– Eit reint overnattingstilbod løysar eit konkret problem med at menneske som elles hadde budd på gata får tak over hovudet. Men det bidreg i liten grad til ei betring av situasjonen til desse menneske. Mange treng råd og rettleiing for å kome seg ut i arbeidslivet, seier Amano.